



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Smøla kommune
Postboks 34
6571 SMØLA

Vår dato:
02.10.2020

Vår ref:
2018/1806

Dykkar dato:
19.08.2020

Saksbehandlar, innvalstelefon
Lars Kringstad, 71 25 84 50

Smøla kommune Kommuneplanens arealdel 2020 - 2032 Fråsegn til 2. gangs offentleg utlegging. Motsegn.

Fylkesmannen viser til Dykkar oversending av 19.08.2020 der kommuneplanens arealdel for 2020-2032 vart lagt ut til andre gangs ettersyn, etter vedtak i formannskapet 18.08.2018 (sak 41/20).

Fylkesmannen viser vidare ordninga med samordning av statlege motsegner. Denne vart gjort permanent frå 01.01.2018. Fråsegna er såleis med i ordninga der vi fremjar motsegn på vegne av Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE). Vidare har også Fylkesmannen motsegn til planen.

Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 fremmer vi motsegn til kommuneplanens arealdel på følgjande punkt:

Norges vassdrags- og energidirektorat:

- Manglande krav til byggegrense langs vassdrag med omsyn til fare for flaum og erosjon.
- Manglande regulering av omsynssone for energianlegg som er bandlagt etter anna lovverk.

Heile fråsega til NVE ligg som vedlegg til dette brevet.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

- Manglande krav til byggegrenser langs vassdrag for å sikre tilstrekkeleg tryggleik mot flaum og erosjon. Dette må sikrast i planføreresegnene. Jfr. funn i ROS-analysen og tryggleiksgrava i TEK17 § 7-2.
- Vi opprettheld motsegna om at planen må sikre tilstrekkeleg tryggleik mot stormflod og havnivåstigning. Jfr. våre merknader i brevet.

FYLKESMANNENS MERKNADER TIL PLANFRAMLEGGET, MED FAGLEGE RÅD OG NÆRARE GRUNNGJEVING AV MOTSEGNENE:

Vi viser til våre tidlegare merknader/motsegner (25.05.2018) ved første gangs offentleg utlegging av planen. I våre merknader ved andre gangs utlegging tar vi i hovudsak *utgangspunkt i konfliktpunkta* og går ikkje særleg nærmere inn på andre deler av planframlegget.

MERKNADER TIL PLANOMTALEN/KONSEKVENSUTGREIINGA

Samla konsekvensutgreiing

Ved første gongs høyring fremma vi motsegn til planen pga. manglande samla konsekvensutgreiing. Jfr. rettleiar T-1493 «Konsekvensutredninger – kommuneplanens arealdel» - (Miljøverndepartementet). Det er no gjort ein enkel KU for samla verknader etter utgreiingstema. Planomtalen kap. 4 går også gjennom verknader av planforslaget.

Arealrekneskap

Vi hadde også motsegn til arealrekneskapet, der vi etterspurde oversikt over kva arealreservar som ligg inne i gjeldande planar og kva er det reelle arealbehovet ein ser for seg i planperioden. I planomtalen kap. 3 *Arealdisponeringar* er det no gjort ein grundig gjennomgang av arealdisponeringane og det er vist arealrekneskap for dei ulike arealføremåla. Vi ser at kommunen legg opp til ein ekspansiv plan. Det føreset at kommunen framover må vere klart meir restriktiv når det gjeld dispensasjonssøknader. Vi registrerer at kommunen dei siste åra har vore mellom dei kommunane i fylket som har hatt høgst tal dispensasjonssøknader. Vi **trekke** motseagna.

Samfunnstryggleik/klimatilpassing

Vi ser at det er blitt jobba med ROS-analysen knytt til kommuneplanen sin arealdel. ROS-analysen tilfredsstiller plan- og bygningslova sitt krav, og Fylkesmannen kan **trekke** motseagna, jf. pbl. § 4-3.

ROS-analysen har avdekkja risiko og sårbarheit som må følgjast opp i planen. Analysen har òg avdekkja funn som kan/bør følgjast opp i anna planverk hos kommunen, t.d. tiltak for å redusere faren for skog- gras- og lyngbrann og tiltak for å betre trafikktryggleiken i kommunen. Vi håpar kommunen nyttar kunnskapen i denne ROS-analysen der det er aktuelt.

ROS-analysen gjer ei vurdering av faren for flaum og overvatn. Analysen skildrar gode avbøtande tiltak som kan vere aktuelle, og vi ser nokre av desse mellom anna er ivaretatt gjennom planføresegne § 1.11. Dette er bra.

Planen sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot magnetfelt frå høgspentliner, og Fylkesmannen kan **trekke** motseagna, jf. pbl. § 28-1.

Analysen vurderer potensiell flaumfare frå vassdraga i kommunen. NVE sin rettleiar «*Flaum- og skredfare i arealplanar*» skil mellom tilrådd avstand frå bekkar og elvar. I følgje ROS-analysen er elvane i Smøla meir å sjå på som bekkar, og dette saman med topografiene, gjer at kommunen vurderer at ein avstand på 30 meter frå vassdraga er tilstrekkeleg med tanke på potensiell flaumfare. Fylkesmannen har ikkje merknad til denne vurderinga. Vi føreset at ein i vurderinga òg har teke omsyn til gjeldande kunnskap knytt til klimaendringar. Mellom anna kan Møre og Romsdal

vente fleire og større regnflaumar og auke i episodar med kraftig nedbør, både i intensitet og førekomst, jf. «*Klimaprofil Møre og Romsdal*».

Vi ser at avstand på 30 meter mot bekkar, elvar og vassdrag er tatt inn som retningsliner etter § 1-7. Fylkesmannen meiner denne avstanden må vere eit *krav* (som ved førre høyring). Unntak frå byggegrensa kan gjevast der det føreligg fagkunnig dokumentasjon på tilstrekkeleg tryggleik mot flaum og erosjon i samsvar med tryggleikskrava i TEK17.

Byggegrenser mot vassdrag for å sikre tilstrekkeleg tryggleik mot flaum og erosjon i samsvar med funn i ROS-analysen og tryggleikskrava i TEK17 § 7-2, må sikrast som krav i planføresegnene. Inntil dette er gjort, har Fylkesmannen **motsegn** til planen, jf. pbl. §§ 4-3 og 28-1 og TEK17 § 7-2.

Smøla kommune er utsett for stormflo og havnivåstiging. ROS-analysen nyttar DSB sin rettleiar for korleis kommunen kan ta omsyn til stormflo og havnivåstiging i communal planlegging.

Utrekningsmetoden til DSB er òg nytta som utgangspunkt for omsynssone for stormflo og havnivåstiging, jf. ROS-analysen. Vi tolkar dette som at omsynssonene dekker område opp til kote 2,8, men dette kjem ikkje tydeleg fram av planen.

Utrekningsmetoden til DSB inkluderer ikkje ei vurdering av lokale vind- og bølgjeforhold, som må inkluderast for å finne reell trygg kote. Vi er samd med kommunen at det for Smøla er lite føremålstenleg å gjere ei konkret vurdering av vind- og bølgjepåverknad på kommuneplannivå ettersom dette vil variere mykje mellom dei ulike lokasjonane i kommunen. *Det er derfor viktig at kommuneplanen sikrar at vurdering av vind- og bølgjepåverknad vert gjort på eit lågare plannivå.*

Sidan ein utset å gjere vurderingar knytt til vind- og bølgjeforhold, vil ikkje omsynssonene dekke alle område med potensiell stormflofare. Om ein vel å nytte omsynssone for stormflo på kommuneplannivå, meiner vi at omsynssonene må setjast konservativt for å ta høgde for område som er vind- og bølgjeutsette. Det vil sei at omsynssonene skal dekke alle område med mogleg fare, medan reell fare (som tiltak må ta omsyn til) vert avklart på lågare plannivå.

Slik planføresegn § 3.7 er utforma, kjem det ikkje fram at vind- og bølgjeforhold *må* inkluderast i vurderinga av trygg kote. Dei som les/nyttar planen kan til dømes tru at F2-tiltak kan plasserast på kote 2,7 i Smøla kommune og tilfredsstille tryggleikskrava i TEK17. I realiteten er det sjeldan at ein ikkje må ta omsyn til vind- og bølgjeforhold ved plassering av tiltak, og Smøla er generelt vindutsett, jf. ROS-analysen.

Planføresega må tydeleggjere at det i tillegg til kravet om minimum planeringshøgde (punkt 1-3) i § 3.7, skal det gjerast ei lokal vurdering av vind- og bølgjeforhold ved planlegging av tiltak nær sjø. Ei slik vurdering kan gjere at tiltak må plasserast på høgare kote, eller utløyse krav om risikoreduserande tiltak, for å tilfredsstille tryggleikskrava mot stormflo i byggeteknisk forskrift.

Inntil planen sikrar at det takast omsyn til vind- og bølgjepåslag i vurderinga av trygg kote for tiltak utsett for stormflo og havnivåstiging, **oppretteld** Fylkesmannen motsega, jf. pbl. § 4-3 og 28-1 og TEK17 § 7-2. Ved bruk av omsynssoner må desse dekke alle område med potensiell fare for stormflo (inkl. havnivåstiging og bølgjepåverknad).

ROS-analysen skildrar grunnforholda i kommunen, og konkluderer med at faren for kvikkleireskred er liten, men kan ikkje utelukkast. Ved vurdering av potensiell kvikkleirefare i ROS-analysen, tilrår vi at NVE sin rettleiar «*Sikkerhet mot kvikkleireskred*» nyttast. Det er ikkje tilstrekkeleg at avdekka risiko følgjast opp gjennom sakshandsamingsrutinar. Avdekka fare for potensiell kvikkleireskred skal

følgjast opp gjennom planleggingsverkemiddelet til kommunen. T.d. gjennom bruk av arealføremål, omsynssoner og/eller generelle avgjerder som krav til vurdering/undersøking i reguleringsplanar. Kommunen må sikre at faren for kvikkleireskred vert tilstrekkeleg varetatt i kommuneplanen sin arealdel.

Vi er samd i det kommunen skriv som retningsline under § 1.11, der det står: «*I potensielle fareområder skal reell fare avklares i reguleringsplan*». Dette samsvarar med Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt rundskriv «*Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling*». I rundskrivet står det at ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærmere avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Vi ser at kommunen i retningslinene § 1.3 opnar for at det kan dispenserast frå plankrav i somme tilfelle. Det vil seie at somme tiltak kan realiserast direkte med heimel i plan. Vi gjer merksam på at KMD skriv i rundskrivet at dersom tiltak skal kunne realiserast direkte med heimel i kommuneplanen sin arealdel, må kommunen ha sikra at krav om kartlegging, risikovurdering og oppfølging på reguleringsplannivå er varetatt gjennom kommuneplanprosessen. KMD nemner LNFR-område som døme. Dette betyr at tiltak som kan realiserast direkte med heimel i denne planen, berre kan skje i område der risiko- og sårbarheitstilhøve er avklart i samband med kommuneplanprosessen (kan ikkje ligge i potensielle fareområde). At risiko- og sårbarheitstilhøve er avklart må derfor vere eitt av krava kommunen stiller for å kunne dispensere frå plankravet i § 1.3. Tilsvarande må krevjast for områda kommunen har regulert til LNFR-område (der frådeling av tomt og utbygging kan skje utan krav om reguleringsplan). Slike krav vil samsvare med retningslina til kommunen under planføresegn § 1.11. Vi føreset at dette følgjast opp.

ANDRE MERKNADER TIL PLANFØRESEGNENE

Ved første gongs høyring hadde vi ei rekke merknader til planføresegnene og konkluderte med motsegn. Mykje av dette er no er retta opp. Vi har likevel følgjande kommentarar:

§ 1.9 Funksjonskrav til leikeplassar er no tatt inn. I § 1.9 pkt. 10 er det vist at «*Alle typer leikeplasser skal være opparbeidet før brukstillatelse blir gitt*». Det må presiserast at »...leikeplasser skal være opparbeidet innen første bolig blir gitt brukstillatelse».

§ 2.4.2 LNF-spreidd utbygging tilfredsstillar framleis ikkje det formale kravet til *omfang* av utbygginga. Her skal det for kvart LNF-spreidd område synleggjera kor mange nye einingar som kan tillast i planperioden. Det er stor skilnad på storleiken av desse LNF-områda, noko som tilseier at det også vil vere ei viss differensiering i talet einingar for dei enkelte områda. Vi registerer likevel at det er tatt inn ei føresegn om krav om reguleringsplan ved omfattande fortetting; dvs. 5 einingar eller meir. Vi vel derfor ikkje å halde på motsegna, men minner likevel om at LNF-område for spreidd utbygging framleis skal framstå som landbruksområde også etter utbygging.

MERKNADER TIL FØRESLENGNE UTBYGGINGSOMRÅDE

Ein gjennomgang av føreslegne utbyggingsområde syner at det i hovudsak er tatt omsyn til våre tidlegare merknader/motsegner ved første gangs høyring. Ut frå våre ansvarsområde vel vi derfor å akseptere dei utbyggingsområda som no er vist i planen.

KONKLUSJON

Fylkesmannen vil gje ros til kommunen for å ha gjort ein god jobb med å endre planen i høve første gongs offentlege ettersyn slik at ein no berre sit att med nokre få motsegner knytt til samfunnstryggleik. Vi reknar med at planen vil bli retta opp slik at planen kan eigengodkjennast

innan kort tid. Motsegnene fra Norges vassdrags- og energidirektorat og Fylkesmannen er lista opp i starten på brevet. I tillegg er det ein del merknader og faglege råd som det er viktig at kommunen går gjennom slik at det blir følgt opp i det vidare planarbeidet.

Vi ber om at kommunen tar kontakt dersom det er behov for å drøfte motsegnene eller merknadane.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
direktør

Jon Ivar Eikeland
fagsjef-plansamordning

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Vedlegg:

- 1 NVE Fråsegn til 2.gangs offentleg utlegging

Kopi til:

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
STATENS VEGVESEN	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE FYLKESHUSET	6404 MOLDE		